Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 29. Fylke: Sogn og Fjordane

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Stryn

Emne: Julenissen Bygdelag:

Oppskr. av: Lærar Per Solheim Gard:

(adresse): Oppstryn G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Ein må rekna med at det er omlag 50 år sidan júlenissen vart kjend. Han var först i heimane. men her nok vorte först kjend gjennom júlekort og júlebóker.

2. Ikkje nok fast regel. — Fór fekk nissen ól som gåve. I seinare tid fåi nissen lite, — om så er er det noko bröd.

3. Ikkje noko fast regel for kven som skal klede seg út. Han skal helst vere liten. Fór var det helst ein som kom heim til júl som kledde seg út som júlenisse.

4. Nissen skal ha raud hue. maske med skjegg, - og gamle klede, bótte, men reine må dei vere.

5. Fór laga ein maskene sjölve no kjöper ein dei helst.

5289

6. Ja.

7. Nei, julebukker deler ikkje ut julegåve, - dei får heller noko. t.d. brød, eple og appelsiner.

8. Ja, helst det. - Ein plar i vår tid - når ein nærmer seg jula - seia at no omlag held nissen på å kome ned frå fjellet. - Etter som juledagane nærmar seg - seier ein at nissen nærmar seg husa. Elles er det vanskeleg å seia noko fast om dette.

9. Ingenting å nemna.

5289

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING